

Strategi for overgang fra barnehage til barneskule



Suda kommune

Nasjonale lovkrav for overgang mellom barnehage og barneskule

Lov om barnehagar:

§ 2 a. Barnehagen skal samarbeide med skulen om barnas overgang frå barnehage til skule og skulefritidsordning. Samarbeidet skal bidra til at barna får ein trygg og god overgang. Barnehagen må ha samtykke frå føresette for å utlevere personopplysningar om barnet til skulen.

Rammeplan for barnehagar:

- Barnehagen skal i samarbeid med føresette og skule leggje til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning.
- Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, deira overgang til- og oppstart i skulen.
- Barnehagen må ha samtykke frå føresette for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen.
- Dei eldste barna skal få moglegheit til å glede seg til å byrje på skulen, og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen.
- Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og dugleikar som kan gi dei eit godt grunnlag og motivasjon for å byrje på skulen.
- Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med å vere nysgjerrig og ha tru på egne evner.
- Barna skal få bli kjend med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga.



Foto: Rustå barnehage

Lov om grunnskule:

§ 4-7 Kommunen skal sørge for at barna får ein trygg og god overgang frå barnehagen til skolen og skolefritidsordninga.

Rammeplan for SFO:

- SFO skal bidra til å skape ein god og trygg overgang frå barnehage til skule og SFO, saman med skulen og barnehagen jmf. opplæringsloven § 4-7 og barnehageloven § 2a.
- Det er ein fordel om barna får sjansen til å bli kjend med det fysiske miljøet og personalet i SFO før skulestart.
- Særleg for barn på 1.trinn som startar i SFO før sin første skuledag, spelar SFO ei viktig rolle i oppstartsfasen.
- SFO skal støtte barna den første tida for å bidra til at barna opplever tryggleik og tilhøyre.



Foto: Fløgstad skule

I denne strategien vil me oppnå:

- **TRYGG:** Overgangen mellom barnehage og skule/SFO opplevast mest mogleg saumlaus for alle barn, både med omsyn til relasjonar, fysiske omgjevnadar og innhald.
- **GLEDE:** Overgangen mellom barnehage og skule/SFO skapar glede ved at alle barn får kjensla av å høyra til i fellesskapet. Kwart barn opplever at «lista ligg passe høgt», og får lyst til å læra meir. Dei gler seg til skulestart.
- **FØREBUDD:** Overgangen mellom barnehage og skule/SFO gjer barna førebudde på skulestart og livsmeistring ved at dei får øva seg på praktiske, kjenslemessige og sosiale dugleikar.



Foto: Rustå barnehage

Dette gjer barnehagen:

TRYGG

- ✓ Rettleiar for eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø ligg til grunn for arbeidet.
- ✓ Tilgang på lokale i nærskulen: Alle barnehagane får låne lokale av sin nærskule kvar veke. Desse er definert som samarbeidspartar barnehage – nærskule:
 - Austarheim skule: Rustå barnehage og Brakamoen barnehage SA*
 - Fløgstad skule: Veslefrikk barnehage og Brakamoen barnehage SA*
 - Risvoll skule: Leabøen barnehage
 - Overgangspersonale: Om det er mogleg, og det er behov for eit eller fleire barn, kan personale frå barnehagen følge barn over i skulen dei første dagane. Barnehagane og skulane har dialog om dette i overføringssamtalane.

**Brakamoen barnehage SA nyttar skulen som har ledig kapasitet.*

GLEDE

- ✓ Klassetreff:
 - Barnehagane organiserer fire treff for barn som skal starte på skulen siste ½ år i barnehagen.
 - I dette treffet får barna møte dei barna dei skal gå i klasse med.
 - Kwart treff er i tidsrommet klokka 10 – 13. Barnehagane blir samde om eventuelle tilpassingar innanfor dette tidsrommet.

Plan for gjennomføring av klassetreff:

Tid	Tiltak	Innhald	Ansvar for organisering
Veke 7, måndag	Klassetreff 1	Fysikk og kjemi ved Sauda vidaregåande skule	Brakamoen barnehage SA
Veke 10, onsdag	Klassetreff 2	Omvisning/bli kjend ute/inne i nærbarnehagen til den skulen barna skal starte på. Barnehagen som inviterer serveres lunsj. Mat til barn med allergi blir medbragt.	Dei fire barnehagane har ansvar i fellesskap
Veke 17, måndag	Klassetreff 3	Omvisning på skulen ved rektor. Eventuelt møte med fadderklasse. Barna møtes i nærbarnehagen og går saman til skulen. Barnehagane tar med brødmatt til sine barn. Felles lunsj på skulen.	Pedagog i nærbarnehage tar kontakt med rektor for avtale.
Veke 21, onsdag	Klassetreff 4	Leik på uteområdet til nærskulen. Barna møtes i nærbarnehagen og går til skulen. Barnehagane tar med brødmatt til sine barn. Felles lunsj etter omvisning ute/inne på skule og SFO.	Dei fire barnehagane har ansvar i fellesskap

FØREBUDD:

- ✓ Livsmeistring:
 - Tryggleiksirkelen, psykologisk førstehjelp, toleransevindu, læringsgropa og andre eventuelle verktøy blir brukt for å hjelpe barna til å forstå egne kjensler.
 - Det blir vektlagt aktivitetar som hjelper barna til å få erfaringar med «musklane» uthald og konsentrasjon.
- ✓ Orden og system:
 - Det blir vektlagt å lære barna gode rutinar for orden og system, slik at det blir enklare å handtere for barna når dei kjem til skulen.
- ✓ Felles temaplan:
 - Alle barnehagane har felles temaplan siste året i barnehagen:
 - August – november: Venskap
 - Januar – mars: Livsmeistring
 - Mars – juni – Språk og omgrepslæring
- ✓ Arbeid med språket:
 - Alle barnehagane brukar «Språkløyper» (frå Lesesenteret) som grunnlag for å vidareutvikla barna si evne til å delta i sosial kommunikasjon og samhandling.
 - Forstå og bruke ord og setningar
 - Utvikle eit godt ordforråd
 - Barnehagane brukar same omgrepsmodell som skule. («Begrepsblomen»)

Dette gjer skulen:

TRYGG

- ✓ Rettleiar for eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø ligg til grunn for arbeidet.
- ✓ Alle barna får i løpet av året også besøkje SFO, også dei som ikkje skal ha plass.
- ✓ Kommande kontaktlærer besøker alle barna i barnehagen før sommarferien. (1-2 timar i barnehagen/kvar barnehage.)
- ✓ Fadder:
 - Alle barn får ein fadder, ein eldre elev ved skulen som passar ekstra godt på og leikar med dei.

GLEDE

- ✓ Praktisk og variert arbeid:
 - Praktisk og variert arbeid skal vere vektlagt i 1.klasse, gjerne gjennom stasjonsarbeid.
 - Arbeidsoppgåvene gir variasjon i personlege karakterdugleikar barna må ta i bruk og utvikle.
 - Organisering og gjennomføring skal særleg ta omsyn til at dugleiken tolmod (evne til konsentrasjon) oftast er mindre utvikla for ein 5-6 åring enn for eit eldre skulebarn.

FØREBUDD:

- ✓ Innskriving:
 - Elevane blir invitert til innskrivingsdag på skulen siste tysdag i januar.
 - Elevane får ei kladdebok og blyant delt ut på skulen. Dei blir oppmoda til å teikne og leikeskrive i denne.
- ✓ Tid og ro:
 - Det skal vere nok «luft i dagen» til at barna får vere med og samskape eiga læring.
 - Ein skal unngå stresskjensle for barna i 1.klasse.
- ✓ Orden og system:
 - Det skal brukast tid på at barna lærer gode rutinar for orden og system. Det skal setjast av tid til å følgje opp denne læringsprosessen, slik at barna seinare kan ha eit større fokus på fagleg utvikling og progresjon.
- ✓ Livsmeistring:
 - Tryggleiksirkelen, psykologisk førstehjelp, toleransevindu, læringsgropa og andre eventuelle verktøy blir brukt for å hjelpe barna til å forstå eigne kjensler.
- ✓ Grunnleggjande dugleikar:
 - Dei grunnleggjande dugleikane å lesa, å skriva, å rekna, digital og munnleg dugleik skal på ein leikbasert måte vere vektlagt i opplæringa.
 - Lærarane brukar Språkløyper frå Lesesenteret som kompetanseressurs for språk, lesing og skrivning.
 - Fokus på fag kjem meir inn i 2.klasse.
- ✓ Leseopplæring:
 - Skulane brukar same omgrepsmodell som barnehagane («begrepsblomen»)
 - Bokstavlæring følgjer tempo og framdrift som nyare forskning, men blir tilpassa elevane i gruppa sine behov.
 - Alle skulane brukar det forskingsbaserte treningsopplegget «På sporet» for å hjelpe elevar som strevar med leseutviklinga.
- ✓ Lekser og heimearbeid:
 - Lesing skal vere eit prioritert område for heimearbeid i heile 1.klasse.
 - Første halvår skal barna berre ha lesing som heimearbeid.
 - Tid brukt på lekser skal bli tilpassa kvart barn, i dialog med føresette. Retningsgivande kan vere 10 – 15 minutt, effektiv tid.
 - Ipad skal vere att på skulen i 1.klasse. Leksene skal vere praktiske eller i fysiske lærebøker.

Samhandling mellom barnehage og skule:

FØR SKULESTART:

- ✓ Barn med særskilte behov:
 - PPT kallar inn føresette, barnehage og skule og SFO-leiar til samarbeidsmøte om overgang for barn med særskilte behov. Seinast hausten før skulestart.
- ✓ Overgangssamtalar:
 - I samband med besøk i barnehagen får kommande kontaktlærar og SFO-leiar kort informasjon om kvart barn og gruppa som heilskap. Barnehagen har ansvar for å få samtykke frå føresette til å dele informasjon.
- ✓ Foreldremøte:
 - Skulen kallar inn føresette til foreldremøte på skulen etter påske, våren før skulestart. Dei får møta kontaktlærar, om det er klart kven dette blir. Skulen inviterer med helsesjukepleiar og PPT, slik at dei får gi informasjon om sine tenester i skule.
- ✓ Informasjon frå skulen:
 - Skulane sender brev til elevane med informasjon om kven som er fadder i veke xxx, våren før skulestart.
 - SFO deler ut informasjonsskriv til føresette og lagar brev til barn som skal starte i SFO. Dette blir delt ut like etter påske.

ETTER SKULESTART:

- ✓ Nettverksmøte barnehage - skule
 - Møte 1, haust: Pedagogisk leiar for førskulebarna i barnehagen kallar inn kontaktlærar og SFO-leiar til nettverksmøte. Barnehagen har ansvar for innhald i møta.
 - Møte 2, vår: Kontaktlærar 1.klasse kallar inn SFO-leiar og pedagogisk leiar for elevane då dei gjekk siste året i barnehage. Skulen har ansvar for innhald i møta. Føremål: Evaluering av overgang til skule og lære av kvarandre.
- ✓ Revisjon av plan:
 - Styrar i Leabøen barnehage kallar inn barneskulerektorar og styrarar til årleg revisjonsmøte. Gjennomgang og evaluering av plan, samt innspel til revisjon av plan blir drøfta og vedteke.
 - Styrar i Leabøen barnehage har ansvar for å sende oppdatert versjon til pedagogisk rettleiar oppvekst.
 - Pedagogisk rettleiar oppdaterer internkontrollsystem.

Pedagogiske verktøy som er omtalt i planen

1. Psykologisk førstehjelp



1 Hva skjer?

2 Følelser

3 Rødtanker

4 Grøntanker

5 Hva kan jeg gjøre?

6 Hvem kan hjelpe meg?

Hjelpéhånda er en del av Psykologisk Førstehjelp fra Gyldendal Norsk Forlag. [Les mer om boka her](#)




2. Tryggleikssirkelen

Trygghetssirkelen

Foreldre med fokus på barnets behov

© Cooper, Hoffman, Marvin, & Powell, 1999




3. Læringsgropa




4. Toleransevinduet

Toleransevinduet for barn

Hva skjer i kroppen vår når vi blir redde, sinte, lei oss eller når vi føler oss helt tomme?
Og hva kan hjelpe så vi kan få det bedre? Det er det mange som lurer på, ikke minst barna selv.



Illustrasjon: Therese Klokset, RVTS Sør



Hyperaktivering

Området over toleransevinduet er assosiert med sterk aktivering i det sympatiske nervesystemet. På samme måte som ved fryktresponsene kamp og flukt, kjennetegnes tilstander over toleransevinduet av høyere hjerterate, raskere puls, og økt tilførsel av blod til de store muskelgruppene. Tankene raser fort, noen kan oppleve økt impulsivitet og dårlig vurderingsevne. Angst og andre påtrengende følelser, flashbacks og mareritt er vanlig. Vi sier gjerne at personen er *hyperaktivert*.

Toleransevinduet

Mellom hyperaktiveringen og hypoaktiveringen ligger vårt toleransevindu. Når vi er i toleransevinduet har vi balanse mellom tanker, følelser og kroppslige tilstander. Hjernen er også i "balanse" og det er gode forbindelseslinjer mellom de ulike nivåene i hjernen. Det er når vi er innenfor toleransevinduet at vi lærer lettest, er optimalt til stede i en situasjon og er best på å ta andres perspektiv.

Hypoaktivering


Området under toleransevinduet er assosiert med sterk aktivering i det parasympatiske nervesystemet. På samme måte som ved fryktresponsen total overgivelse, kjennetegnes tilstander under toleransevinduet av lavere hjerterate, lavere muskeltonus, mindre blodtilstrømning til musklene, nummenhet og passivitet. Noen opplever tristhet, depresjon, apati, fjernhet, langsom tankegang og håpløshet³. Vi sier gjerne at personen er *hypoaktivert*.

Nettressurs: RVTS

5. Omgrepsmodell

Felles omgrepsmodell barnehage – skule

Begrepsblomen (Sutton 2016)



*Bruk nokre av desse grunnleggjande omgrep til å beskriva i pkt. 1:

Navn på grunnleggjande begrepsystem:

FORM FARGE STILLING ANTALL MØNSTER STØRRELSE HØYDE BREDDA LENGDE Plass VEKT MØNSTER STOFF BRUK/FUNKSJON
OVERFLATE TEMPERATUR TID SMAK LUKT ALDER/VARIGHET LYD VERDI LEVENDE/IKKE LEVENDE KJØNN KRAFT (M.Nyborg, 1994, s. 506-508, M. og R. Nyborg, 1996, s. 151-152)

6. Smart oppvekst - karakterdugleikar

20 karakteregenskaper

Følgende 15 karakteregenskaper brukes i ART og er utviklet av S. Salmon:

Mot, omsorg, hjelpsomhet, samarbeid, ansvarsbevissthet, selvkontroll, tålmodighet, utholdenhet, respekt, takknemlighet, humanisme, ærlighet, integritet, selvtillit, målrettethet.

Følgende 5 karakteregenskaper har vi utledet fra de 24 signaturstyrkene i positiv psykologi:

Humor, lærelyst, nysgjerrighet, kreativitet og lederevner.

SMART oppvekst



Revisjon av plan:

2.versjon: 22.01.2025

- Besøksdag skule om sommaren utgår
- Innskrivingsdag i januar; alle barn får utdelt det same
- PPT deltek ikkje i overgangssamtalane, SFO-leiar og kontaktlærer deltek
- Overgangssamtalane har fokus på kort informasjon om kvart barn
- SFO-leiar deltek i overgangssamtalar for barn som skal ha SFO-plass og barn med særskilte behov.
- Skulane sender ut informasjon om fadder til same tid.
- Alle barn i SFO får same informasjon frå SFO
- Ipad skal ikkje vere med heim i 1.klasse
- Det er redusert frå tre til to nettverksmøte mellom barnehage og skule, etter skulestart.
- Planen er overført frå digital til pdf-versjon.
- Det er lagt inn årleg revisjon av plan. Styrarar og rektorar har revisjonsmøte og reviderer utkast, oppdaterer dette og sender kommunalsjef. Styrar i Leabøen barnehage kallar inn til årleg revisjonsmøte.

1.versjon: 2019 – 20

ALLE TRENG Å



BLI SETT

BLI TOLT

HØYRE TIL



Sauda kommune